

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 DEP

0030 OSLO

Fråsegn til ny overføringslov og endring av ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen.

Det vert vist til Samferdsledepartementet sitt høyringsbrev om forslag til endringar i veglova, vegtrafikklova mfl. samt forslag til ny overføringslov i samband med nedlegging av sams vegadministrasjon.

På vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune gir fylkesrådmannen følgjande fråsegn:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ein rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen. Det er likevel grunn til å peike på følgjande moment:
 - a) Som følgje av nedlegging av sams vegadministrasjon er den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering føreslege fjerna. Fylkeskommunen registrerer at Statens vegvesen vurderer å legge ned regionvegkontora og organisere Statens vegvesen etter ein divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering. Det er behov for kompetansearbeidsplassar i Statens vegvesen i heile landet, også i distrikta.
 - b) All mynde som regionvegkontoret har i dag knytt til fylkesveg etter veglova, vegtrafikklova og skiltforskrifta bør overførast til dei nye fylkeskommunane frå 1.01.2020.
 - c) Oppgåver knytt til sikkerheit og beredskap og ansvar for Nasjonal vegdatabank (NVDB) og vegtrafikksentralane (VTS) bør vidareførast som nasjonale oppgåver organisert som ein del av Statens vegvesen. Det er behov for å tydeleggjere det felles ansvaret og samarbeidsplikta som Statens vegvesen og fylkeskommunane har for å sikre vegtrafikksentralane og Nasjonal vegdatabank som nødvendige element i arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap og med trafikkstyring og informasjon til trafikantane. Det er viktig at ansvar og samarbeidsplikt for Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til desse oppgåvene vert tydeleggjort i forskrift til vegtrafikklova.
- 2 Delegeringsføresegnene i § 9 i veglova bør opphevast i sin heilheit.
- 3 Reguleringa av dei tilsette sine individuelle rettar må innrettast på ein mindre ressurskrevjande måte enn det forslaget til overføringslov legg opp til.
- 4 Vi vil peike på at fullfinansiering er ein grunnleggande føresetnad, og at det er vesentlege element som ikkje vert finansiert gjennom kalkulatorisk løn.
- 5 Den samla budsjetttramma (ekskl. omstillingskostnader) som blir overført til fylkeskommunane må samsvare med tal stillingar som Statens vegvesen har brukt til aktuelle fylkesvegoppgåver. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkl. om det er behov for overgangsløysingar. Visse formuleringar i høyringsnotatet tyder på at Samferdsledepartementet ikkje har teke inn over seg at fordelinga mellom fylkeskommunane vert avgjort i KMD sitt inntektssystem. Fylkesberekningane av ressursbruk (årsverk) som Statens vegvesen har lagt fram, må tene som eit utgangspunkt og ikkje som ein fasit for fordelinga av ressursar mellom fylkeskommunane.
- 6 Vi vil også peike på at det vil kome andre kostnader ut over dei stillingane som fylkes-kommunen tek over frå Statens vegvesen. Dette dreier seg m.a. om kostnader til drift/ vedlikehald av

kontor/bygg, samt kostnader knytt til innkjøp og drift av verktøy, kontormøblar, ikt-utstyr, mobil, programvare, leasing av bilar, profilering, arbeidsklede mv). Dette er kostnader som vi må få dekkja inn over (KMD sine) overføringar frå 2020.

- 7 Vi ønskjer å kome tilbake til/rette merksemda mot overgangskostnader. Det er mykje usikkerheit m.a. knytt til ikt-system mv. Det er etablert eit prosjekt som skal kome med tilrådingar om framtidige ikt-løysingar. Mykje vil vere avhengig av kva dette prosjektet kjem fram til.
- 8 Fylkeskommunane vil basere sin organisasjonsplan dels på Statens vegvesen sine vurderingar og dels på egne vurderingar. Det vil kunne vere stor variasjon mellom fylkeskommunane fram mot kommuneproposisjonen for 2020. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å vere tydeleg på at vi uansett ikkje kan lausrive oss frå finansielle realitetar.

Utfyllande merknader

Dei føreslegne endringane i veglova, vegtrafikklova mfl. er stort sett av teknisk karakter, men fylkesrådmannen ser det som nødvendig å kommentere enkelte punkt nærare:

- Den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering med regionvegkontor i veglova og vegtrafikklova vil falle bort med dei føreslegne endringane. Vegdirektøren har allereie gjort det kjent av framtidig organisering av Statens vegvesen vil basere seg på ein divisjonsmodell der regionvegkontora vert lagde ned/fjerna. Fylkesrådmannen fryktar at dette på sikt kan føre til ei sentralisering som gjev færre statlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane og Hordaland. For både vår fylkeskommune og framtidige Vestland fylkeskommune vil det vere avgjerande for busetting og sysselsetting at det er ei god geografisk fordeling av arbeidsplassane i Statens vegvesen.
- Regionvegkontoret er angitt som mynde i ein rekkje paragrafar i vegtrafikklova. For å unngå for sterke bindingar til organiseringa av Statens vegvesen i lovverket er det føreslege at etatsnamnet Statens vegvesen vert nytta der mynde i dag er lagt til region-vegkontoret. Dette vil m.a. bety at Statens vegvesen kan/skal ha mynde til å fastsette fartsgrenser på fylkesvegane etter § 6, gje særleg forbod mot trafikk på fylkesveg etter § 7, gje løyve til sykkelløp etter § 7b samt vedtak på fylkesveg etter skiltforskrifta til veg-trafikklova. Vi meiner at all mynde som regionvegkontoret har i dag knytt til fylkesveg bør overførast til dei nye fylkeskommunane frå 1.1.2020, inkludert endringar av skiltforskrifta. Det er difor behov for endre nemninga Statens vegvesen til fylkeskommunen.
- Vegtrafikksentralane (VTS) og Nasjonal vegdatabank (NVDB) står sentralt i arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap. Fylkesrådmannen har ikkje innvendingar til at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for Nasjonal vegdatabank og vegtrafikksentralane som overvaker tunnelar, styrer variable skilt og tek imot og formidlar vegmeldingar. Ved overlegging av sams vegadministrasjon vil det vere behov for å tydeleggjere det felles ansvaret og samarbeidsplikta som Statens vegvesen og fylkeskommunane har for å sikre vegtrafikksentralane og Nasjonal vegdatabank som nødvendige element i arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap og med trafikkstyring og informasjon til trafikantane. I ny § 10 veglova er det føreslege at departementet i forskrift kan gje nærare føresegner om ansvar og samarbeidsplikt for Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til desse oppgåvene. Fylkesrådmannen meiner departementet snarast råd bør utarbeide framlegg til slike føresegner.

Ny overføringslov

Den føreslegne overføringslova gjeld overføring av:

1. Tilsette i Statens vegvesen (SVV)
2. Rettar og plikter knytt til inngåtte avtalar
3. Arkiverte dokument om fylkesveg

Fylkesrådmannen viser til departementet sitt høyringsnotat der det er forslag om at tilsette i SVV som ikkje er omfatta av vilkåra for overdraging etter arbeidsmiljølova § 16-1 vil kunne følgje oppgåver over i fylkeskommunane etter nærare avtale mellom staten og fylkeskommunane. Avtalane skal ta utgangspunkt i fylkeskommunane sine behov og omsynet til dei tilsette det gjeld.

Fylkesrådmannen er samd i at vernet og rettane som gjelder i.h.t. arbeidsmiljølova kapittel 16 om verksemdsoverdraging også skal gjelde for dei som vert overført med bakgrunn i ei inngått avtale. Fylkesrådmannen er også samd i at det er behov for ei eiga overføringslov som sikrar ein avtalt fortrinnsrett for tilsette i Statens vegvesen til tilsetjing i fylkeskommunen forutsatt at dette er

tilpassa fylkeskommunal organisasjon og kompetansekrav. Forslaget om at reglane for verksemdsoverdraging skal gjerast gjeldande for ein slik avtalebasert fortrinnsrett vil likevel medføre administrative og økonomiske belastningar for fylkeskommunen. Dersom reglane om verksemdsoverdraging skal gjerast gjeldande, vil dei tilsette ha individuelle rettar som følgjer av tariffavtalar mvf. 1. januar 2020 til dei vert avløyst av ny tariffavtale - Hovudtariffavtale i KS-området (HTA) frå 1. mai 2020. Dette vil krevje unødvendig store ressursar for ein så kort periode, inkl. to parallelle lønssystem m.m.

I rapporten «Fra sams og samling» uttalte Statens vegvesen følgjande:

«Ansatte som begynner i fylkeskommunen som følge av oppgaveoverføringen må som et minimum få med seg sin årslønn med faste tillegg, samt ansiennitet. For øvrig må ansatte fra Statens vegvesen som begynner i en fylkeskommune stilles likt med ansatte i fylkeskommunene. Det betyr at de må få det samme vern og komme inn under de samme lovnader som ansatte i de respektive fylkeskommunene har fått, og for øvrig følge lønns- og arbeidsvilkårene i fylkeskommunal sektor.»

Rapporten frå Statens vegvesen viser ikkje til reglane om verksemdsoverdraging.

Departementet har uttalt at overføringa av dei tilsette sine pensjonsrettar er regulerte av ein eigen avtale om overføring og samordning av pensjonsrettar inngått mellom Statens pensjonskasse og andre leverandørar av offentlege tenestepensjonsordningar i norske kommunale pensjonskassar, livstrygdslag og lovfesta pensjonsordningar. Overføringsavtalen skal sikre at tilsette som har vore medlem av fleire offentlege tenestepensjonsordningar får pensjon som om dei hele tida har vore medlem av ei og same pensjonsordning.

Tilsette som går frå Statens vegvesen til ein fylkeskommune får derfor med seg sine pensjonsrettar til fylkeskommunen si pensjonsordning. Overføringsavtalen vil sikre rettane uavhengig av reguleringsform.

Gjennom forskrift kan Kongen i statsråd fastsette korleis overføring av tilsette i Statens vegvesen skal skje dersom det ikkje vert semje mellom staten og fylkeskommunane. Ein slik heimel meiner fylkesrådmannen vil vere nødvendig for å sikre at oppgåveoverføringa vert gjennomført.

Ved tilsetjing i fylkeskommunen i.h.t. nemnde avtale gjeld ikkje reglane om offentlig kunngjering av stilling og kvalifikasjonsprinsippet. Dette er ei nødvendig lovfesting.

Overføring av økonomiske ressursar

Gjennom rapporten «Fra Sams og samling» har Statens vegvesen kartlagt etaten sin ressursbruk til fylkesvegadministrasjon som grunnlag for kva som er aktuelt å overføre av økonomiske ressursar til fylkeskommunane i 2020. I statsbudsjettet for 2020 må det overførast midlar frå Samferdselsdepartementet til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet si budsjetttramme for oppgåvene knytt til sams vegadministrasjon som fylkeskommunane ikkje finansierer i dag.

Fylkesrådmannen forventar at den samla budsjetttramma (ekskl. omstillingskostnader) som blir overført til fylkeskommunane er i samsvar med tal stillingar som Statens vegvesen har brukt til dei aktuelle oppgåvene. Det er likevel ikkje er riktig at budsjettoverføringa til den enkelte fylkeskommune baserer seg på det eksakte tal stillingar som faktisk blir overført. Fordelinga mellom fylkeskommunane av den overførte budsjetttramma frå Statens vegvesen er ei sak for KMD, og vil inngå i KMD sitt arbeid med inntektssystemet og andre budsjettopplegg for fylkeskommunane. Korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 må vurderast. Det må også vurderast om det er behov for overgangsløysingar

Fylkesrådmannen vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader. Dei førebelse berekningane av desse kostnadane er svært usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at disse kostnadene kjem til uttrykk i budsjetttrammene.

Fylkesrådmannen vil også peike på at det vil kome kostnader ut over tal stillingar som fylkeskommunen tek over frå Statens vegvesen. Dette dreier seg m.a. om kostnader til drift/vedlikehald av kontor/bygg samt kostnader knytt til innkjøp og drift av arbeidsverktøy og klede (kontormøblar, ikt-utstyr, mobil, programvare, leasing av bilar, profilering m.m.). Dette er kostnader som fylkeskommunane må få dekkja inn over KMD sine overføringar frå 2020.

I oktober 2018 etablerte arbeidsutvalet for fylkesøkonomisjefkollegiet ei arbeidsgruppe med representantar frå fylkeskommunane og KS, som ser på berekningane av ressursbruk. Denne gruppa har særleg merksemd på Statens vegvesen sin metodikk for å fordele etaten sine faktiske ressursar mellom fylkesvegar og riksvegar, då dette dannar grunnlaget for den samla ramme-overføringa frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Samferdselsdepartementet Postboks 8010 DEP 0030 OSLO